

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 6. februar 2023 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap), Daniel Jung (digital kultur), Koenraad de Smedt (språkvitskap), Ivar Utne (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Sarita Helen Øygaard og Marielle Larsen (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Mona Uthaug, Veronica Christensen, Lene Tøftestuen, Amund Sørås, Kjersti Ure, Linnea Reitan Jensen

Pär Sandin, Anders Fagerjord og Bo Byrkjeland til stades under FRAM-presentasjonen.

Saksliste

UUI-sak 1/23: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 2/23: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)	1
Orienteringssak 2: Status for FRAM-prosjektet	2
Orienteringssak 3: Avskaffing av midtsemestereksamen	2
Orienteringssak 4: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 5: Studiekvalitetsarbeid	3
Orienteringssak 6: Reglar for studentbetaling	4
UUI-sak: 3/23 Drøftingssaker	4
Drøftingssak 1: utfordringar i møte med Chat GPT	4
Drøftingssak 2: Krav og ønskemål til internasjonalisering	4
UI-sak 4/23: Ymist	5

UUI-sak 1/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 2/23: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)

Godkjent på sirkulasjon.

Orienteringssak 2: Status for FRAM-prosjektet

Bo Byrkjeland og Anders Fagerjord orienterte om status for FRAM-prosjektet per i dag.

Bo synte fram ei nettside som tar for seg ulike opplegg for å få tid til samanhengande forskning på dei seks pilotinstitutta. Og han snakka om kva som er tenkt gjort både sentralt og lokalt.

Anders oppsummerte kva som kom fram på instituttseminaret. Kan kvart fagmiljø come opp med eitt tiltak som ein vil prøve ut dette semesteret?

Orienteringssak 3: Avskaffing av midtsemestereksamen

Signe Nilssen orienterte.

Vi kan ikkje innføre denne ordninga frå og med hausten som planlagt sidan studentane no held seg til emneplanar som seier at det blir midtsemestereksamen.

Vi treng å få avklara gyldigheit av obligatorisk aktivitet, og vi må få avklara når ny eksamen for dei med gyldig fråvære skal avviklast. Januar og august er foreslått.

Ivar: Mars og oktober er ønskeleg grunna klagesensur. August og februar kjennest for tidleg.

Orienteringssak 4: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemane får *tre* minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Ragnhild: Vi har store kull på lektorutdanninga. Få på PPU. Oppmøte er bra på PPU, på master er det få som møter opp. Undervisningskabalen er tilfredsstillande dette semesteret, men det blir verre til hausten.

Frode: Vi ligg litt under normalt nivå på oppmelding. Fjernord er eit veldig ressurskrevjande emne 113 er melde til eksamen. Vi har 26 nye masterstudentar på nordisk litteratur. Det er greitt i inneverande semester når det gjeld ressursar.

Daniel: Vi har nyleg fått svar på reakkreditering. Godkjent rapport. Men det var stilt spørsmål om det var rett å undervise på engelsk. Det forstår vi ikkje. Senteret vårt startar opp i sommar. Då mistar vi folk i undervisninga. Vi veit ikkje kven som skal undervise til hausten. Vi får to Fulbright-tilsette. Vi har høge oppmeldingstal og veldig mange masterkandidatar. Vi saknar ein struktur i det pedagogiske samarbeidet på LLE. Eg er i kontakt med Læringslaben. Ønsker meir kontakt med dei andre.

Peter: Vi er godt i gang. Vi fekk veldig mange oppmelde på 100-nivået i vår. Det var vi glade for. Undervisningssituasjonen ser bra ut. Det går greitt i inneverande og neste semester. Vi må kutte litt ned på pensum i eitt av emna våre.

Ingrid: Det går veldig bra. Vi hadde positiv overrasking på oppmeldingstal. Men det fører til litt ressursutfordringar. Vi hadde tre gonger så mange studentar på BA-oppgåveemna enn vi hadde forventa. Kva gjer vi når vi får fleire studentar enn det vi hadde planlagt for. Vi skal på ekskursjon til Aten, og det har nok ført til at fleire er interesserte.

Ilka: Vi har like mange studentar som vi brukar. Kring 700 studentar, og éin administrativ ressurs som skal administrere opptaket. Vikarar berre i samanheng med ekstrakurs for flyktningar i vår. Vi lurar litt på kva som skjer med sommarkurset. Vi hadde fått signal om å kunne revidere dette i 2023/2024, men no har det kome eit notat (23. januar) om at det skal leggjast ned, og at avgjerda er tatt i «god forståing med LLE». Saknar kommunikasjon kring dette.

Eike: Vi har arbeidd med studieplanane i samråd med studentane. Vi slår to fempoengsemne saman til eitt tipoengsemne. Vi samarbeider med sju universitet i utlandet, og eg skal ut og reise i mai. Vi har prøvd å få mest ut av undervisninga ved å legge i blokk og kan nytte ein gjestande undervisar. Nøgd med oppmeldingstal.

Sarita og Marielle: Vi har fått fleire fagutval på plass, og vi held på med budsjettet. Vi planlegg fellesarrangement for alle studentane ved LLE. Vi saknar fagutval på klassisk. Vi fekk éin internasjonal student på fellesmøtet i januar. Vi ønsker at klassiskstudentane blir oppmoda om å starte fagutval.

Koenraad: Vi greier oss. Den største utfordringa er at det er veldig varierende gjennomstrøyming på mastergrad. Noko er grunna personlege tilhøve hos studentane.

Matti: Vi er nøgde. Vi har litt fleire studentar jamnare fordelt enn før på emna våre. Vi har nokre BA-studentar, og to masterstudentar. Utfordringar med stengde emne på klassisk. Dette er noko som blir arbeidd med i administrasjonen.

Ivar: Vi har det ganske bra på master, og på 100-nivå er det «normale» meldingstal. Vi ser at det ligg dårleg an med bemanning grunna sjukdom og avgang. Vi har prøvd elektronisk registrering av obligatorisk frammøte. PRAKTINF er sett på vent i vår grunna ein timelærer som ikkje blei erstatta.

Keld: Vi har 20 BA-studentar som følgjer undervisninga. Det har blitt svakare rekruttering til masterstudiet. Det er tre som skal levere MA-oppgåva i vår. Og vi håpar å styrke rekrutteringa til MA-studiet. Det er berre eg som underviser av dei fast tilsette. Vi har vikar inne, og håpar vi får ei stilling i bemanningsplanen. Og ein ny stipendiat som kan ta delar av undervisninga. Vi er glade for at det skal lysast ut 8 stipendiatstillingar og at vi får ei av dei.

Orienteringssak 5: Studiekvalitetsarbeid

- Femårige programevalueringar 2021, 2022 og 2023
- Studiekvalitetsmelding for 2022, hugs å levere eigenvurderingar av programma dykkar før 15. februar til Signe
- Emne- og studieplanendringar
- Masterrettleiing – rettleiarar vil bli kontakta for å høyre om dei som har meldt seg til masterinnlevering dette semesteret, har vore i kontakt med dei.

- Studiebarometeret

Signe orienterte.

Orienteringssak 6: Reglar for studentbetaling

Vi kan ikkje krevje at studentar må ha utlegg knytt til obligatorisk aktivitet, som til dømes ekskursjonar eller lengre opphald i utlandet. Det er lov for studentane å betale dersom dei ønsker å delta på slikt, men det kan altså ikkje vere obligatorisk å delta for å få tatt eksamen.

Signe orienterte

UUI-sak: 3/23 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Utfordringar i møte med Chat GPT

Heming H. Gujord innleidde.

Chat GPT er noko vi må halde oss til. Det har vore eit seminar om problemstillinga der Eirik og Jill mellom andre hadde innlegg. Vi må møte dette på ein reflektert måte.

Frode: For oss vil dette vere eit spørsmål om dette er noko som kan identifiserast.

Daniel: det finst eit system, men det er ikkje heilt perfekt. Vi må jo lage andre eksamenar no. Heimeeksamen og semesteroppgåver må kanskje i større grad erstattast. Kanskje må vi ha meir munnleg eksamen? Kanskje ein må ta frå studentane moglegheita til å vere på nett under eksamen. Vi må tenkje nytt.

Eike: Vi har også tenkt på det. Nokre eksamenar er betre eigna til å unngå dette enn andre. Vi må vere litt proaktive og tenkje ut løysingar før dette blir veldig utfordrande. Korleis kan vi dra dette inn i måtar å arbeide på? Og blir det eit klaseskilje sidan nokon kan kjøpe seg tilgang.

Heming: De kan sjå seminaret på nett, det ligg ute.

Marielle: Dette er ikkje noko vi studentane har snakka mykje om.

Heming: Vi har ingen klar policy på kva som er juks her, men det vil kome retningslinjer.

Drøftingssak 2: Krav og ønskemål til internasjonalisering

HF som heilskap og LLE har utfordringar når det gjeld internasjonalisering. Korleis skal vi ta tak i dette? Kva konkrete målsettingar bør vi ha?

Veronica: 8 har reist ut dette semesteret. 2 BA-studentar, 2 MA-studentar og 4 på lektor. Betre enn i haust, men framleis veldig lågt. Då var det fire totalt.

Innreisande har eit spenn mellom 13 og 33. Eg er litt usikker på dette spennet. Det er i alle fall fleire som reiser inn enn ut.

Det er eit mål om at 40% skal reise ut. Vi veit ikkje kvifor det er få utreisande, men vi ønsker å få gjort noko med det.

Synspunkt som kom fram i møtet

Frode: Det kan bli betre når det nye lektorprogrammet kjem på plass. Då blir det meir straumlinjeforma, og då kan ein informere mykje tidlegare.

Keld: Pandemi og endringar i verden spelar inn? Og no tronge økonomiske tider generelt.

Eike: Vi veit ikkje kva studentane meiner er hinderet. Kanskje vi kan snakke meir med dei og oppmode. Kanskje vi må gjere terskelen lågare. Begynne med å prøve å sende dei på konferansar. Finst det støtteordningar for dette?

Marielle: Prosessen er komplisert, lite informasjon om korleis og når. Moglegheitene blir ikkje synleggjorde.

UI-sak 4/23: Ymist

Sommarkurset og nedlegging. Diskusjonen om sommarkurset kom fram under orienteringsrunden, då under Ilka si orientering. Det blei då ytra ønske om å setje saka opp under «Ymist».

Undervisningskoordinator beklaga at saka ikkje var sett opp som eiga O-sak. Ein opna for diskusjon, og desse synspunkta kom fram i møtet:

Ein saknar informasjon om prosessen kring nedlegginga av sommarkurset. Norskkursa trudde vi skulle bruke dette året til å revidere og greie ut moglegheiter for vidareføring, men fekk så beskjed om at det var nedlagt. Ein er litt skuffa over at det har skjedd ei avgjerd utan at ein er betre orientert og utan at alternativ har vore betre utgreidde. Det har vore diskutert i programstyre på nordisk og i dialogmøte med nordisk. I møte med nordisk har ein ikkje kome fram til løysingar som gir grunnlag for vidare drift.

Det er uklarheit om kva som eigentleg var konklusjonen på møtet mellom representantar frå norskkursa og leiinga. Norskkursa forstod det slik at ein ikkje ville gjennomføre kurset sommaren 2023, men ville sjå etter løysingar for å setje opp kurset frå og med sommaren 2024

Eike: Det er jubileum snart, og korleis skal ein feire 60 år? Det er få tilbod som held det gåande så lenge. Kurset fekk òg Sporveugleprisen i 2020.

Koenraad: Har det blitt gjort ei konsekvensutgreiing av følgjene ved å leggje ned kurset?

Ivar: Det blir stilt spørsmål ved talgrunnlaget for reknestykket i notat frå instituttleiar til rektor.

Ilka: Kvifor har ikkje dette blitt betre orientert om? Kven skal formidle dette ut til instituttet? Her har det ikkje vore tydeleg kommunikasjon.

Daniel: Det er vanskeleg å sjå på dette som noko anna enn økonomibesparing. Eg synest det er vanskeleg å sjå rekkevidda av slike avgjerder. Eg er bekymra.

Ilka: I eit notat frå instituttleiinga til rektor (4. januar) står det at kulturelt diplomati ikkje blir prioritert av Kunnskapsdepartementet. Kulturelt diplomati kan vere særleg viktig i den situasjonen vi no er i.